



Ørjan Tredal
Litlevika 32
5914 Isdalstø

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/3319 - 23/39602

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
26.05.2023

Adressetildeling og adresseendring Hagellia 22 gbnr 185/122

Administrativt vedtak: Saknr: 532/23

VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adresseendring og adreasetildeling:

Gbnr	Brukseining	Eksisterande adresse/ husnr.	Ny tildelt adresse/husnr.
185/122	H0101 (B)	Hagellia 22	Hagellia 22A
185/122	U0101 (B)	ingen	Hagellia 22B

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.

Saka gjeld

I samband med matrikkel-registrering av nyleg godkjent bruksendring av tilleggsdel til hovuddel i bustadhuset ditt, ser me at den tidlegare godkjente utleigeleiligheita ikkje har fått tildelt eiga offisiell adresse. Der kvar bueining har eiga ytre inngangsdør, skal det tildelast eiga offisiell adresse til kvar inngangsdør. Dette er særskilt viktig med tanke på utrykningar med fare for liv og helse, men også for at andre besøkjande lettare skal finna fram til rett bueining.

Vurdering

Adresseendringa og adreasetildelinga vart varsla om i brev datert 26.04.23 med 3 vekers høyringsfrist. Det er ikkje komme tilbakemelding på dette varselet innan fristen.

I varslot om adresseendring, vart det stilt spørsmål om eventuell etablering av ny hybel i underetasjen, i bakkkant av leiligheita. Det har ikkje kome tilbakemelding på at dette stemmer. Adreasetildelinga vert gjort under forutsetninga av at det ikkje vert etablert hybel,


men at dette arealet er til bruk av hovudbueininga. Dersom dette ikkje er rett, må de ta kontakt med kommunen for å få registrert hybelen og adresse til denne i ettertid.

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressetildeling og adresse vert difor tildelt. Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Hagellia.

Adresseendringa trer i kraft straks.

Offentlege etatar hentar opplysningar om adresseendringa frå matrikkelen. Eventuelle private kontaktar må de melda adresseendringa til sjølv.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn (sjå døme) og i nokre tilfeller også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedsregistrering (matrikkelova) § 21
- Forskrift om eigedsregistrering (matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ørjan Tredal

Littlevika 32

5914 Isdalstø